

Fra: Ingrid røthe <ingrid1voss@gmail.com>
Sendt: 3. mai 2018 23:37
Til: Postmottak Voss kommune
Emne: Anng. oppstart planarbeid og høyring av planprogram for offentleg områdereguleringsplan for Vossevangen planid 2018001

Bjørn Inge Rokne
Ingrid Røthe
Bordalsvegen 1
5700 Voss
2. mai 2018

Voss Kommune
Tekniske tenester v/ planavdelinga
Postboks 145
5701 Voss

Viser til motteke brev referanse 18/00075-9 "Varsel om oppstart av planarbeid og høyring av planprogram for offentleg områdereguleringsplan for Vossevangen, planid 2018001." Og telefonsamtale med Elisabeth Lillegraven.

Vonar det ved arbeid med plan vert merksemrd mot vegkryss Bordalsvegen
- Gjernesvegen -Hardangervegen; trafikkavvikling og aukande støy, støv/forureining med konsekvens for dei som bur ved krysset.

Etter store utbygginar av bustadar og fritidsbustadar retning Nyre og Bordalen, og vidare planlagde utbyggningar mellom anna ved Nyre og Vatle, har og vil trafikkutviklinga og -avviklinga i dette krysset endra seg med stor auke av trafikkmenge og trafikktype, støy og støv.

Denne endringa påvirka sterkt bumiljøet og kvardagen for oss som bur tett på krysset.

Støy og støvproblema er siste åra vorte store både ute- og innadørs.

Vindu er knapt muleg å ha opne lenger.

Frå me busette oss her i 2000, då trafikken stort sett bestod av småbiltrafikken som glei forbi, har det seinare åra vorte mykje tungtrafikk i tillegg til stor trafikkauke generelt. Dette medfører mykje meir støy og støv/forureining. Der vert ofte ståande køar både i Bordalsvegen og Gjernesvegen ved stopp / problem med trafikkavviklinga mot vegkryss.

Kva tiltak kan gjerast for å ta tilbake ein god plass å bu oppi dette?

Me veit det er kombinasjon av kommunale- og fylkesvegar her. Ved ein områdereguleringsplan vonar me det er mogeleg å sjå dette i heilheit.

Venleg helsing
Bjørn Inge Rokne
Ingrid Røthe